

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Dato: 01.10.2018
Vår ref.: 2018/12074-3
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Eidsnesvegen 107A - Eidsnes ytre - Gnr 215 bnr 2 - Dispensasjon for etablering av massedeponi - Lindås kommune

Me viser til brev datert 20.06.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn samt telefonsamtale med saksbehandlar i kommunen 01.08.2018, og vårt brev datert 01.08.2018 med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 28.09.2018. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Me ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter eldre vegfar m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.